
Fra: Jan Heggheim <Jan.Heggheim@sfj.no>
Sendt: 15. september 2015 18:59
Til: postmottak SD
Kopi: 'torgeir.alvestad@nkom.no'; Jan Heggheim; Borge Federley; dag-
arne.henriksen@oppland.org; Ellen Karin Toft-Larsen;
henry.andorsen@nfk.no; Ivar Petter Grøtte; Kjell Pedersen-Rise; Kjetil
Helstad; line.richardsen@ks.no; Ola Kjelvik; Pål Magnar Dahlø
(pal.dahlo@stfk.no); Stein Magne Os; Torgeir Selle (torgeir.selle@t-fk.no);
Øyvind Heimset Larsen (ohl@vestforsk.no)
Emne: Nasjonalt Breibandråd: NKOMs rapport om leveringspliktige elektroniske
kommunikasjonstjenester

Nasjonalt Breibandråd er kontakta i samband med Nkom sin rapport, og vårt svar er gjengitt i høringsforslaget.

Rådet ynskjer å melde følgjande i samband med sjølve høyringa:

Nasjonalt Breibandråd er glade for at Nkom tilrår ei leveringsplikt også på breiband. Breibandrådet er samde med Nkom om kva tenester som må leggest til grunn for behovsvurderingane. Breibandrådet ber Samferdsledepartementet (SD) om å sjå bort frå satellittdekning i sine vurderingar, med unntak av særleg tilfelle der satellitt er einaste løysing. Breibandrådet meiner definisjonen av «grunnleggende bredbånd» på 4Mb nedstraum og 1 Mb oppstraum vil bli for snevert innan svært kort tid, og ber Samferdsledepartementet vurdere andre kombinasjonar. Det er i oppstraumskapiteten koparnettet blir for svakt, slik Nkom skriv. Rådet er fullt klar over at dette har kostnadskonsekvensar. Breibandrådet meiner potensiell kunde verdi må lesast ut frå kva progressive utbyggjarar er villige til å investere i nye utbyggingar. Mange av dugnadsprosjekta har kundar som tek i bruk nettenestene direkte, med ein langt høgare framskriven verdi. Breibandrådet har vanskar med å sjå kva kriterium som skal leggest til grunn for ei eventuell utlysing av leveringsplikta. Slik vi vurderer det, må den som har ansvaret for størstedelen av breibandnettet i eit nærare gitt område, også garantere for leveransane.

Teksten er postalt handsama i AU i Nasjonalt Breibandråd.

Med helsing
Jan Heggheim
Leiar Nasjonalt Breibandråd
fylkesdirektør for næring
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2, 6863 Leikanger
www.sfj.no | Jan.Heggheim@sfj.no
sentralbord: +47 57638000 | mob: +47 90566623